



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/106793-3

Dykkar referanse:


Vår dato:
03.10.2016

Uttale – Dispensasjon – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 3 og 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen fekk brev 4. juli 2016 med søknad om utvida bruk av avkøyrsla til gnr. 58 bnr. 3 og 7 i Lindås kommune. Vi var på synfaring 5. september 2016.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsla etter veglova på gnr. 58 bnr. 3 i Lindås kommune, *vår referanse Fv. 404 hp 3 km 4,062*. Tiltakshavar er eigar av naboeigedomen, gnr. 58 bnr. 7. Det er søkt om å stenge avkøyrsla til bnr. 7 og heller utbetre avkøyrsla til bnr. 3 og nytte denne felles.



Figur: Kart vedlagt søknad.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Søknad om utvida bruk er grunngeve med at avkøyrsla til bnr. 7 er svært dårleg og farleg plassert. Tiltakshavar har i tillegg søkt om å skilje ut ei bustadtomt på bnr. 7.

Tiltaket ligg i eit område som er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsliv (LNF)* jf. Kommunedelplan (KDP) for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2008), med omsynssone *H_510 Landbruk*. Statens vegvesen vurderer at søknadene er avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningslova, med bakgrunn i at det er planlagt ny tilkomstveg og at det er søkt frådelling av ny bustadtomt.



Bilde: Dagens avkøyrsla på bnr. 7 som eventuelt skal stengast (Vegbilet SVV)

Opplysning om saksgong:

Før Statens vegvesen handsamar saka etter veglova, skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknaden må i første omgang handsamast som ein dispensasjon etter plan- og bygningslova av Lindås kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Avkøyrsla ligg på nordaustsida av Fv. 404, like sør for Lygra kyrkje. Fylkesvegen er smal på gjeldande strekning og har berre ein køyrebane. Det er ikkje tilbod til gåande og syklende. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 250. Vegstrekninga er klassifisert som haldningsklasse 4 jf. *"Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)"*.

Vurdering:

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar, eller ved søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla. I dette tilfellet vil kravet til sikt vere at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebanane frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Kravet er gitt på bakgrunn av fartsgrensa og trafikkmengda på staden.

Statens vegvesen var på synfaring 5. september 2016. Vi målte sikta i avkøyrsla til bnr. 3. Vi vurderer at ein kan oppnå tilfredstillande sikt til høgre i avkøyrsla (retning Lygra kyrkje) dersom ein ryddar vegetasjon i frisikoona. Til venstre i avkøyrsla målte vi sikta til om lag 60 meter. Dette er vesentleg under siktkravet.

Statens vegvesen er samd i søkjar si vurdering av at dagens avkøyrsla til bnr. 7 er lite trafikk sikker og at det vil vere ein fordel å få stengt denne. Samstundes er avkøyrsla som skal nyttast i staden, heller ikkje i samsvar med dagens krav. Vi meiner likevel at vi kan oppnå ei meir trafikk sikker løysing dersom avkøyrsla til bnr. 7 vert flytta til felles avkøyrsla med bnr. 7. Vi vurderer at vegen vert meir trafikk sikker og kan i dette tilfellet akseptere ei sikt mot venstre på om lag 60 meter. Det vil så fall bli stilt krav om rydding av frisikoona og at avkøyrsla til bnr. 7 vert stengt.

Det er i tillegg søkt om frådelling av ny bustadtomt på bnr. 7. Avkøyrsla frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom, jf. pbl. § 27-4 og veglova §§ 40 – 43. Statens vegvesen er kritisk til denne søknaden. Bakgrunnen for dette er at avkøyrsla som nemnd ikkje er i samsvar med dagens krav med omsyn på sikt. Skal ein tillate utvida bruk av avkøyrsla vil det bli stilt krav om å opparbeide avkøyrsla i samsvar med dagens krav, dvs. 100 meter til kvar side i avkøyrsla. I retning mot venstre var sikta 60 meter. For å oppnå tilfredstillande sikt i denne retninga vil det vere naudsynt å fjerne mur foran våningshuset til bnr. 7, samt rydde vegetasjon. Det er likevel ikkje sikkert at siktkravet kan tilfredstillast.

Statens vegvesen finn at vi ikkje kan akseptere nye brukarar i denne avkøyrsla. Vi meiner at vi kan oppnå ein betre og meir trafikk sikker situasjon dersom dagens avkøyrsla vert stengt. Samstundes er dagens avkøyrsla på bnr. 3 ikkje tilfredstillande med omsyn på sikt. Gevinsten ein oppnår med omsyn på trafikktryggleiken vil verte borte dersom ein skal ha endå fleire brukarar i denne avkøyrsla. Tiltaka som må gjennomførast for å få tilfredstillande sikt, vil vere omfattande og kostnads krevjande.

Konklusjon:

- 1) Statens vegvesen finn etter ei samla vurdering av tilhøva på staden at det kan opnast for at avkøyrsla til bnr. 7 kan flyttast til avkøyrlepunktet til bnr. 3. Vi finn at fordelane ved å få stenge dagens avkøyrsla til bnr. 7 veg opp for ulempene med at siktkravet i avkøyrsla til bnr. 3 ikkje er oppfylt. Vi vil i så fall sette særlege vilkår knytt til opparbeiding av frisiko, samt stille krav om at avkøyrsla til bnr. 3 vert stengt.

- 2) Statens vegvesen rår frå å gje dispensasjon til frådelling av ny tomt på bnr. 7. Bakgrunn for dette er at siktforholda i avkøyrsla til bnr. 3 ikkje er tilfredstillande, og at tiltaka som må gjennomførast for å oppnå tilfredstillande sikt er omfattande. Dei trafikkmessige fordelane ein oppnår ved å ved å stenge avkøyrsla til bnr. 7 vert ikkje vegd opp av ulempene dersom det medfører ytterlegare auke i bruk av avkøyrsla på bnr. 3.

Statens vegvesen ber om å få vedtak etter plan- og bygningslova oversendt for eventuell klagevurdering og eventuell vidare handsaming etter veglova.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lars Bjørn Lygre, Lurevegen 1498, 5912 SEIM